

Bergen, 19.2.1981
EL/VJ

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

J. 33/81

Makrellfiske i EF-sona vest av 4° v.l. i 1981.

I medhald av Fiskeridepartementet sine forskrifter av 30. januar 1981 om regulering av fisket etter makrell i EF-sona vest av 4° v.l. i 1981 § 2 har Fiskeridirektøren 30. januar 1981 fastsett følgjande forskrifter:

§ 1

Norske fartøy kan driva fiske etter makrell i EF-sona vest av 4° v.l. i 1981 fra 30. januar 1981.

§ 2

Desse forskriftene trer i kraft straks.

Fiskeridirektøren vil gjera merksam på at norske fartøy etter avtalen med EF, ikkje kan driva fiske etter makrell i statistikkområde VI a nord for $56^{\circ} 30'$ n. br. i tidsrommet 1. mars - 30. april.

Vidare vil ein gjera merksam på at norske fartøy ikkje kan driva slikt fiske i statistikkområde VII e og f vest for 5° v.l. og sør for $50^{\circ} 30'$ n. br. i tidsrommet 15. februar - 14. desember.